



Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 13.06.2017

Vår ref: 17/00067-1

Dykkar ref:  
17/09759-1

## **Uttale - reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet**

**Øygarden kyrkjelege fellesråd vel å uttale seg om eit utval av spørsmålsstillingane, nummerert i tråd med punkta i høyningsnotatet sin kortversjon.**

### **Generelt**

Øygarden kyrkjelege fellesråd meiner at val til kyrkjelege råd må skiljast frå kommune- og fylkestingsval. Skillet må gjelde både tid og stad. Kyrkjevalet bør leggjast til kyrkjene. Dette for å tydeleggjere forbindelsen mellom dåp, medlemsskap og val.

### **Del 1. Bakgrunn**

ØKF er samd i forslaget om å slå saman regelsetta til eit sett reglar og at desse vert lagt så tett som mogeleg opp til vallova sine bestemmelser om val til kommunestyre-, fylkestings- og stortingsval.

### **Del 2. Overordna problemstillingar**

2.1

ØKF meiner direkte val på alle leke medlemer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet best ivaretak demokratiet i vår kyrkje.

2.2

ØKF meiner at ein må ha ei ordning, enten som 1 eller 2.

2.3

ØKF er samd i forslaget om tilskot til nominasjonsarbeidet, i første omgang til valet til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

2.4.1

ØKF er samd i forslaget om tillate inntil tre tilleggsstemmer.

Sidan det nyleg er kome signal som tyder på at det kan opnast opp for å stryke kandidatar ved kommunestyre- og fylkestingsval, meiner ØKF at dette bør vere mogeleg også ved dei kyrkjelege vala. I tillegg til at valreglane for kyrkja vil likne på valglova, vil ein slik mulighet også bidra til auka innflytelse for den enkelte som avgir stemme.

2.4.2

ØKF er samd i forslaget om 8 % sperregrense.

2.5.2

ØKF meiner det bør vere mogeleg å avgje stemme i alle sokn i same fellesrådsområde på valdagen.

### **Del 3. Innleiing til reglane, stemmerett, valgbarhet, valorgan m.m.**

#### 3.2.2

ØKF er samd i at det vert innført eigne manntal over prestar og leke kyrkjeleg tilsette. Ansvaret for oppretting og oppdatering av desse bør ligge til bispedømmerådet.

### **Del 4. Val av medlemer til sokneråd og val av leke medlemer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet**

#### 4.2.1

ØKF er samd i at det er behov for å klargjere regelverket knytt til namn på lister til kyrkjevalet.

#### 4.2.3

ØKF er samd i at det skal åpnes for supplerende nominasjon til nominasjonskomitéens liste dersom det foreligger en slik liste.

#### 4.2.4.2

ØKF er enig i videreføringen av ordninga der velgjaren kan gi tilleggsstemmer til inntil tre kandidatar ved soknerådsval. ØKF er også samd i at det skal gis mulighet til å gi tilleggsstemmer til inntil tre kandidatar og føre opp inntil tre namn frå andre lister ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. I tillegg meiner ØKF at det bør opnast opp for mulighet til strykningar.

#### 4.3.2

ØKF er samd i at bestemmelsen om nominasjonskomité ved soknerådsval vert vidareført.

#### 4.3.4

ØKF er samd i forslaget om å vidareføre ordninga med supplerande nominasjon ved soknerådsval, der det berre er éi liste med mangelfullt tal på kandidatar. Det bør også vere mogeleg med supplerande nominasjon dersom det berre ligg føre liste frå ein nominasjonskomité til val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

#### 4.3.5

ØKF er samd i det som vert omtala her.

I tillegg meiner ØKF at det bør opnast opp for mulighet til strykningar.

#### 4.4

Førehandsrøysting til kyrkjevalet er vorte meir og meir viktig

ØKF er samd i at Kyrkjerådet bør få heimel til å gi reglar om internettstemming i perioden for førehandsrøysting.

ØKF meiner det er viktig å kunne tilby ambulerande stemmegiving.

### **Del 5. Val av andre representantar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet**

#### 5.1

ØKF er samd i at velgjaren skal kunne gi stemme til bare éin kandidat.

#### 5.2

ØKF er samd i at velgjaren skal kunne gi stemme til bare éin kandidat.

### **Del 6. Felles bestemmelser**

#### 6.1.1

ØKF er samd i at valreglane vert revidert slik at dei liknar mest mulig på vallova, i dette tilfelle i forhold til godkjenning av stemmegivning.

#### 6.1.2

ØKF er samd i dette forslaget.

#### 6.1.3

ØKF er samd i forslaget om å gi heimel til Kyrkjerådet til å eventuelt å opne opp for elektronisk oppejing.

#### 6.2

ØKF er samd i ei tilnærming til valloven også på dette punktet.

**Del 7. Konsekvensar**

7.1

ØKF er enig i at disse prinsippene videreføres.

Med helsing  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet